

Informasjon til foreldre.

No er vi godt i gang med tilvenning av nye ungar på Perle. Dei nye ungane har allereie blitt godt kjend med rutinane i barnehagen. Vi kjem til å ha tryggleik og bli kjent som hovudfokus nokre veker framover. På Bruse jobbar vi ein del med å komme inn i nye rutinar og reglar. Det har gått kjempefint.

Perle

I september vil me på Perle ha tema «Familien min». Fint om de tek med «husa» av familien som vi kan henge på veggen. På tysdagar kjem vi til å ha samlingsstund for 2018/19-ungane, der vi syng, ser/les i bok, snakkar om familien m.m. På torsdagar vil 2017-ungane ha samlingsstund.

Songar vi syng no framover:

Alle killebukkane, Bæ, bæ lille lam, God morgon alle saman, Lille kattepus, Olle Bolle, Ro, ro til fiskeskjær, Hjulene på bussen.

Vi kjem til å bruke litt teikn til tale på avdelinga. Dette fordi det gjer det enklare for dei minste å bli forstått. Teikna kjem til å henge i garderoben så alle kan sjå dei. Teikn denne månaden blir: **Ferdig, sova, eta, tørst og vaska hender.**

Bruse

I september vil me jobbe med korleis me er med kvarandre, og korleis me handterer ulike følelsar i kroppen.

Turdag på onsdagar. Fint om de tar med sitteunderlag, drikkeflaske og matpakke i eigen sekk.

Vi vil jobbe mykje i grupper der vi jobbar med språk, og relasjonar til kvarandre. Vi kjem også til å vere mykje ute.

Felles informasjon

Foreldremøte blir tysdag 15. september kl. 18.00 for Perle. Bruse blir same kveld kl. 19.00. Me ynskjer at berre 1 av foreldra møter, av smittevernomsyn.

I veke 38 er det brannvernveka. Vi kjem til å ha ulike aktivitetar og songar rundt dette tema.

Det kan vere lurt å ha lue, vottar/panneband, tjukk gensar liggande i hylla.